



**Høgskulen
på Vestlandet**

Nærregion Sogn og Fjordane

**Kvalitetsikring av innhaldet i kurs i eksamensmeistring - eit
kvalitetsutviklingsprosjekt**

**Notat om evalueringsprosessen av kurs i eksamensmeistring ved
HVL, campus Førde i tida 2014 – 2018**

Høgskulelektor Inger Oline Bruland

Institutt for helse- og omsorgsvitskap

Helse- og sosialfag

Campus Førde

N-NR 2/2018
Høgskulen på Vestlandet, Nærregion Sogn
og Fjordane

| | | |
|--|---|--|
| TITTEL Kvalitetsikring av innhaldet i kurs i eksamensmeistring - eit kvalitetsutviklingsprosjekt | NOTATNR. | DATO 23.03.2018 |
| PROSJEKTTITTEL Notat om evalueringsprosessen av kurs i eksamensmeistring ved HVL, campus Førde i tida 2014 – 2018 | TILGJENGE | TAL SIDER 37 |
| FORFATTAR Kurshaldar/Høgskulelektor Inger Oline Bruland Rettleiar/Professor Maj-Britt Råholm | PROSJEKTLIAR/-ANSVARLEG Kurshaldar Inger Oline Bruland | |
| OPPDRA GSGJEVAR Institutt for helse- og omsorgsvitskap Helse- og sosialfag Campus Førde | EMNEORD Refleksjon, angst, evaluering, meistring, eksamen | |
| SAMANDRAG Kurs i eksamensmeistring for studentar i høgare utdanning blir evaluert for å sikre kvaliteten på kurset. Notatet søkjer å kaste lys over erfaringane kurshaldarane og studentar har gjort seg i evalueringsprosessen av kurset ved Høgskulen på Vestlandet. Coghlan og Brannick sine fasar i evalueringsprosessen utgjer strukturen for den faglege framstillinga. Erfaringane viser at studentane for det meste er nøgde med kurset. Notatet viser gode erfaringar med å vere to kurshaldarar som gjennom dialog og metakommunikasjon i gjennomføringa og i før- og etter- rettleiinga, kan gjere det mogleg å justere kurset undervegs. | | |
| PRIS | ISSN 0806-1696 | ANSVARLEG SIGNATUR Professor Maj-Britt Råholm |

Førord

Notatet gjer greie for evalueringsprosessen i arbeidet med å utvikle og kvalitetssikre eit nytt tilbod til studentantar som er sterkt plaga av eksamensangst, eit kurs i eksamensmeistring. Kurset har vore eit tilbod ved Høgskulen på Vestlandet, campus Førde frå 2014 til og med i dag. Notatet omhandlar erfaringar frå åtte kurssituasjonar 2014-2018. Campus Førde var i 2014 organisert under Høgskulen i Sogn og Fjordane. Direktør i studentsamskipnaden Sisof Randi Marie Sjøholt og dekan ved Høgskulen Eva Marie Halvorsen, var begge pådrivarar til å starte kurs. Margit Larssen ved studentsamskipnaden har vore ein av to kurshaldarar sidan starten. Sara Terese Osland, som var instituttleiari i 2014, gav nyttige innspel før kursstart.

Målet med kurset var å gje eit tilbod til alle studentane ved campus som var plaga av eksamensangst i ei slik grad at det hadde negative konsekvensar for deira studiekvardag og fritid. Målgruppa for notatet er tilsette i studentsamskipnaden og pedagogisk tilsette ved Høgskulen. Kurset i eksamensmeistring blir evaluert for å sikre kvaliteten på kurset. Kjeldetilfanget er i hovudsak erfaringane kurshaldarane har gjort seg i evalueringsprosessen av kurset. Coghlan og Brannick sine fasar i evalueringsprosessen utgjer strukturen for den faglege framstillinga.

Kurset var leia av Margit Larssen frå studentsamskipnaden (SiB) og Inger Oline Bruland som tilsett ved institutt for helse- og omsorgsvitskap, campus Førde. Som førebuing til å starte kurs og for å oppdatere kunnskapsgrunnlaget kring stress og belastning, deltok underskrivne på to dagars Kurs i Mestring av Belastning (KiB) i oktober 2013 i Bergen, leia av psykolog Trygve Arne Børve. I november 2013, før oppstarten av kurs i eksamensmeistring i Førde, hospiterte Margit Larssen og Inger Oline Bruland i eit liknande kurs i Sogndal, der Berit Pettersen og Hege Fimreite var kurshaldarar. Hospiteringa gav nyttige erfaringar til oppstart av kurs i Førde. Eit kurshefte følgde med deira undervisning (sjå vedlegg 1). Vi fekk godkjenning til å bruke same hefte i Førde, før vi tok det ut for revidering i 2017.

Eg vil takke Margit Larssen for godt samarbeid kring kurset. Utan henne hadde det truleg korkje blitt kurs eller notat. Takk til rettleiaren min - professor Maj-Britt Råholm som har gitt nyttige innspel i skriveprosessen våren 2018. Dette notatet er ledd i mi kvalifisering til førstelektor.

Førde, 23. mars 2018

Inger Oline Bruland

Innhald

Førord

| | |
|---|------|
| 1 Innleiing og bakgrunn..... | s. 3 |
| 2 Sentrale omgrep og generell beskriving av kurset..... | s. 3 |
| 2.1 Sentrale omgrep..... | s. 3 |
| 2.2 Generelt om kurset..... | s. 5 |
| 3 Fasar i evalueringsprosessen..... | s. 6 |
| 3.1 Fase 1: Oppleving (experiencing) i gjennomføringa..... | s. 7 |
| 3.2 Fase 2: Forståing av erfaringar og evalueringar (understanding) i etter-rettleiinga | s. 8 |
| 3.3 Fase 3: Dømming (judgement)..... | s.10 |
| 3.4 Fase 4: Førebu handling (taking action) i før- rettleiinga..... | s.11 |
| 4 Oppsummering..... | s.14 |

Kjeldeliste

Vedlegg nr. 1-3

1. Kurshefte
2. Annonse av kurs i eksamensmeistring (i tida 2014-2016)
3. Annonse av kurs i eksamensmeistring (i tida etter 2016)

1 Innleiing og bakgrunn

Visjonen til Høgskulen i Sogn og Fjordane var i 2015: «Studentar som lukkast og kunnskap som endrar» (Jobnorge, 2015, s. 1). I Kongeleg resolusjon, skreiv statsråd Torbjørn Røe Isaksen dette i samband med samanslåing av Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund: «Ambisjonane og måla inneber at Høgskulen på Vestlandet skal leggje til rette for eit godt studiemiljø og god studentvelferd på studiestadene. Det er ein klar føresetnad at organiseringa av studentsamskipnadene ikkje svekkjer studentvelferda på nokon av studiestadene» (Kunnskapsdepartementet, 2016, s.1). Angst for eksamen er eit stort problem for mange studentar i høgare utdanning (Grini 2004; SHoT, 2014), og kan såleis påverke velferda for den einkilde studenten.

Medan Andrews og Wilding (2004) ikkje fann samanheng mellom angst og akademiske prestasjonar blant studentar, viser andre studiar det motsette (Trifoni & Shahini, 2011; Cassady & Johnson, 2002). Ein studie i Noreg viser at kvar åttande student har mykje eksamensangst som bidreg til dårlegare skuleprestasjonar enn dei sjølve forventar (SHoT, 2014). Studien oppmodar høgskular og universitet om å setje i verk tiltak som kan vere til hjelp for studentane. Studiestadane og studentsamskipnadane står tilsynelatande fritt til å påverke innhald og kursformat, slik tilfelle har vore ved campus Førde.

2 Sentrale omgrep og generell beskriving av kurset

2.1 Sentrale omgrep

Korkje kvalitet (Fosslund, Ramberg & Gjerdrum, 2013; Pedersen, 2010), angst (Beck, Emery & Greenberg, 2005), eller meistring (Bandura, 1997) er eintydige omgrep og kan såleis ha fleire meningar.

I oppslagsverk blir kvalitet ofte definert positivt som å oppfylle krav, standardar eller forventningar og negativt som manglar i høve til forventningar. I daglegtale viser høg kvalitet til noko med visse ibuande eigenskapar som gjer det meir attraktivt enn relevante alternativ. Omgrepet utdanningskvalitet kan ha ulike meningar alt etter kva samanheng det brukast i. Ein type kvalitet er programkvalitet som mellom anna handlar om gjennomføring av undervisning og læringsarbeid (Fosslund, Ramberg & Gjerdrum, 2013). For å sikre kvalitet må, i følgje NS-ISO 8402, planlagde, systematiske aktivitetar til for å sikre tiltru til at eit produkt

oppfyller krava (Pedersen, 2010). Planlagde, systematiske evalueringar, som kurshaldarane har gjennomført av kurset i eksamensmeistring, er døme på ein slik aktivitet.

I følge Bandura (1977) handlar meistringstru om å kunne organisere kognitive, sosiale og åtferdsmessige dugleikar mot gjennomføring av handling. Når den lærande har tru på å greie å gjennomføre ein viss aktivitet, er det også større sannsyn for at det skjer ei utvikling og at noko blir endra i måten oppgåva blir løyst på. Meistringstru blir også vist til som ein buffer mot stress i ein del forskning (Bandura, 2001).

Studentevalueringar har i løpet av dei seinare åra blitt eit stadig viktigare element i vurderinga av undervisningskvalitet og fagleg innhald ved dei fleste universitet og høgskular i Noreg.

Studentevalueringar er eit av fleire tiltak i Kvalitetsreformen for å sikre nivået i høgare utdanning. Handalutvalget (Studiekvalitetsutvalget) frå 1990 poengterte at evaluering av undervisning var ein sentral byggjestein for betre studiekvalitet (Aarstad, 2012). Professor Arild Raaheim poengterte i eit intervju i 2002 at problemet er ikkje at vi ikkje har gode nok evalueringsmetodar av undervisninga, men at det ikkje finns rutinar for korleis studentevalueringane blir handsama og brukt (Kolbjørnsen, 2002).

Aarstad (2012) oppmodar om å ha eit reflektert forhold til bruken av studentevalueringar for å hindre iverksetting av unødige tiltak som til sist kan ramme både lærarar og studentar. Schön (1983) skil mellom refleksjon i handling og refleksjon om handling. Refleksjonen i handling skjer i sjølve gjennomføringa av kurset, der studentane og vi kurshaldarane har direkte kontakt - andlet til andlet. Refleksjonen om handling skjer i før- og etterrettleinga, mellom oss kurshaldarane, utan kontakt med studentane. Schön peikar på at sjølv om det er mogleg å reflektere medan ein handlar, vil kvaliteten på refleksjonen auke når den føregår utanom sjølve handlinga. Dette har vi teke omsyn til slik det går fram i evalueringsprosessen av kurset, fase 2 til 4 (sjå 3 Fasar i evalueringsprosessen). Her søkjer vi å ta tak i ulike perspektiv på eigne- og studentane sine evalueringar, slik Schön presiserer vil kunne auke kvaliteten på refleksjonen.

Angst og frykt, som biologisk kan førebu individet på å yte ekstra innsats gjennom kamp eller flukt (Beck, A. T., Emery, G., & Greenberg, R. L. 2005), kjem heilt ut av proporsjonar ved tanken på at eksamen nærmar seg, og kan gje angsten for eksamen eit omfang som påverkar heile kvardagen (Wormnes, Hauge, Dundas & Wormnes, 2006). Negative automatiske tankar (Beck, 1973), lært hjelpeløyse (Seligman, 1975), håpløyse (Frank, 1973) og negative forventningar (Wormnes, Hauge, Dundas & Wormnes, 2006) blir aktivert.

Ved å tilby eksamensmeistringskurs ynskjer Høgskulen på Vestlandet, campus Førde å gje studentane eit verkty å bruke til å styrkje meistringstrua for å få det betre før- og under eksamen. I 2014 starta Høgskulen i lag med studentsamskipnaden å tilby kurs i eksamensmeistring.

2.2 Generelt om kurset

Kurset vart leia av ein psykiatrisk sjukepleiar frå studentsamskipnaden og underskrivne som og er psykiatrisk sjukepleiar og tilsett som høgskulelektor ved Høgskulen. Kurset gjekk ein gong over tre undervisningstimar, to gongar i året ved oppstarten av bachelorutdanningane. Kurset var lagt opp som gruppeundervisning og er ei hjelp til sjølvhjelp. Målgruppa var studentar som var plaga av eksamensangst i ei slik grad at det gjekk ut over kvardagen i form av nedsett funksjonsevne og livskvalitet. Vi freista å alminneleggjere eksamensangst ved å referere frå SHoT-undersøkinga (2014). Kombinert med eit kurshefte, var bestemte tema sett opp for dei tre timane (sjå Tabell 1).

| Tabell 1. Plan for kurs i eksamensmeistring - sentrale tema |
|--|
| • Om forekomst av eksamensangst |
| • Om symptom på belastning, stress og angst |
| • Strategiar for å meistre belastning, stress og angst før- og under eksamen |
| • Demonstrasjon av avspenningsøvingar for å få det betre |
| • Enkle refleksive øvingar som studentane utfører mellom sesjonane |

Kurshaldarane tok sikte på å lære studentane å kjenne att symptom på belastning, stress og angst og korleis desse symptoma kan gjere seg utslag i tankar, kjensler, kroppsleg fornemming og sosial fungering før- og under eksamen. Studentane blei introduserte for kognitive modellar som kan vere ei hjelp til å endre eigne tanke- og handlingsmønster. Vi brukte tavla ein del for å vise samanhengene mellom situasjon, tankar, kjensler og alternative tankar som kunne oppstå i stressande situasjonar før- og under eksamen (sjå Tabell 2).

| Tabell 2: Døme på ein kognitiv modell | | | |
|--|-------|----------------------------|---|
| Situasjon | Tanke | Kjensle/kroppsleg reaksjon | Alternativ tanke - Kjensle/kroppsleg reaksjon etter alternativ tanke |

Vi gav konkrete råd om kva studentane kunne gjere sjølve for å meistre eksamensangsten. Vi søkte å ha ein nøktern presentasjon av fakta og veksla mellom undervisning og erfaringsdeling mellom deltakarane, viss dei ville. Målet var heile tida å leggje tilgjengeleg kunnskap om eksamensangst fram på ein slik måte at vi nådde fram med viktig informasjon til studentane.

Avspenningsøvingar blei demonstrert ved hjelp av ein CD saman med studentane, som i tillegg fekk enkle arbeidsoppgåver for å bli medvitne om kva som trigga eksamensangsten og kva dei kunne gjere med det. I tråd med Jørn Varhaug (2012) sine hovudfunn om kva studentane ynskjer i undervisningssamanheng, veksla vi mellom å bruke PowerPoint, tavla, viste oss imøtekomande og tilgjengelege gjennom dialog. Det var ikkje nødvendig å fortelje om eigne vanskar i kurset, men opning for dialog og erfaringsutveksling stod likevel sentralt.

Vi valde ei open og inkluderande haldning til kursdeltaking og hadde ingen form for utveljing. Studentane melde seg på gjennom Fronter. Vi hadde bindande påmelding, utan noko form for sanksjonar viss studentane ikkje møtte opp. Minimum tre studentar måtte vere påmeldt for at det blei kurs. Studentane blei rekruttert gjennom informasjon ved skulestart, og gjennom Fronter og Facebook. I tillegg gjekk informasjon til emneansvarlege. Ved oppstarten av bachelorutdanningane møtte kurshaldarane studentane i eit kurs i studiemeistring. Der informerte vi om kurset i eksamensmeistring og om at studentane ikkje trong å vere aktive på kurset - det var nok at dei møtte opp. Vi gjorde dette for å senke terskelen, sidan vi visste det var vanskeleg for mange studentar å ta ordet i klasserommet (SHoT, 2014). Vi sa noko om at det kunne vere vanleg å grue seg til å møte på dette kurset fordi andre fekk vite at ein strevde med eksamensangst, men at det var vanlege vanskar og at deltakarane ville ha felles erfaringar.

3 Fasar i evalueringsprosessen

Refleksjonane over opplevde erfaringar vi kurshaldarane har gjort oss, er tufta på eigne- og studentane sine generelle evalueringar av kurset. Coghlan og Brannick (2014) sine fasar i evalueringsprosessen 1) oppleving (experiencing), 2) forståing av erfaringar og evalueringar (understanding), 3) dømning (judging), og 4) førebu handling (taking action) utgjer strukturen for den faglege framstillinga i notatet.

3.1 Fase 1: Oppleving (experiencing) i gjennomføringa

Oppleving i situasjonen (Coghlan & Brannick 2014) handlar om kva som skjer i gjennomføringa av kurset. Evalueringa startar allereie her.

Sidan dette var eit frivillig tilbod til alle studentane på campus, blei kurset lagt til ettermiddagen. Både studentane og vi kurshaldarane kunne vere slitne etter ein lang dag. Vi erfarte at storleiken på gruppa varierte frå gong til gong, frå tre til tretten studentar. I alle kurs har det vore fleire studentar som har meldt seg på, enn som møtte opp. Dette har vore eit usikkert moment, sidan vi aldri har visst om det vart kurs før studentane fysisk møtte. Dialogen merka seg meir ut når få studentar var samla. I små grupper blei kvar student meir synleg og det kunne vere krevjande med omsyn til kor mykje dei ynskte å dele med andre. Vi søkte å ta omsyn til dette ved å vere varsame med å utfordre studentane.

I kurssituasjonen kjende eg på ei spenning kvar gong eg underviste. Ville innhaldet treffe dei som kom, og ville vi kurshaldarane samarbeide slik at det blei flyt i undervisninga? Det var nyttig med ei viss kortvarig spenning som skjerpa sansane. Å vere tidleg ute og sikre at det tekniske fungerte i klasserommet, var til hjelp for å redusere eige stress. Dette gjorde oss komfortable fordi vi tok kontroll og gjorde situasjonen best mogleg for oss sjølve. Vi visste noko lunde storleiken på gruppa ut frå påmeldingane, og kunne skaffe eigna rom, plassere stolar og bord i høveleg avstand. Studentane kunne velje om dei ville sitje saman, eller for seg sjølve. Vi tolka studentane sin verbale- og kroppslege kommunikasjon når vi møtte kvar student med eit «hei» og «velkomen». Vi ville skape ei avslappa atmosfære, som óg kunne verke stressande for studentar som ville vere anonyme i ein slik situasjon. Framleis kan det vere tabu å ha psykiske vanskar og for nokre kunne det truleg vere nok å møte opp, utan å dele noko av seg sjølve med andre. Å høyre konkret om symptom på det ein strevar med, kan vere vondt å kjenne att. Kanskje difor vi opplevde at det kunne bli stille- og atmosfæren virka spent. For å fokusere på studentane sin meistringskompetanse, dvelte vi ikkje lenge ved det triste, men gjekk fort over til korleis studentane kunne meistre symptoma. Av og til såg studentane spørjande ut til det vi presenterte.

I pausane gjekk vi på lærarrommet og delte tankar om korleis undervisninga gjekk. Vi reflekterte over kva vi gjorde og kva respons studentane gav til kjenne. Vi bestemte oss for om vi ville justere kursen, eller halde fram som vi gjorde, for ikkje å gløyme å rose kvarandre for det vi fekk til.

For å forbetre form og innhald på kurset ved behov, blei studentane oppmoda om å evaluere kurset ved å svare på enkle spørsmål i QuestBack (sjå Tabell 3).

| Tabell 3: Kor nøgd er du med kurset? | | | | | |
|---|------|-----------|---------------------------------------|-------------------------------|-----------------------------------|
| Ikkje nøgd | Nøgd | Godt nøgd | Kva meiner du vi skulle hatt meir av? | Kva skulle vi hatt mindre av? | Vil du anbefale kurset til andre? |

Spørsmåla vart utvikla i samarbeid. Det var viktig for oss å lage enkle spørsmål i eit oversiktleg skjema for å gjere det enkelt for studentane å svare. I følgje Grendstad (2004) er spørsmålstillinga viktig for å kunne gje ei presis beskriving av kva ein reagerer på. Difor nytta vi spørjeordet «kva» medvite, for å få studentane til å peike på noko bestemt som dei ynskte meir eller mindre av. Slik blei det lettare for oss å skilje det vesentlege frå det uvesentlege og gjere noko i forhold til evalueringane viss vi ynskte det.

3.2 Fase 2: Forståing av erfaringar og evalueringar (understanding) i etterrettleiinga

Umiddelbart etter kurset var ferdig, snakka vi om- og prøvde å forstå erfaringane vi gjorde oss. Som Coghlan og Brannick (2014) viser til som døme på relevante spørsmål i ein evalueringsprosess, spurde vi oss: Korleis vart det, kva var godt og mindre godt, og kvifor vart det slik? Vi var i feltet etter-rettleiing (Lauvås, Lycke & Handal, 2004). Ved å tenkje over- og snakke om erfaringane vi gjorde oss i kurssituasjonen utfordra vi oss til å sjå våre handlingar utanfrå. For eksempel ville våre handlingar i forhold til synspunkt frå studentane i klasserommet, i ettertid kunne bli reflektert over. Vi oppsummerte gjennomføringa av kurset, og drøfta erfaringane i lys av det vi tidlegare hadde tenkt og førebudd.

Å vere to som samarbeidde om kurset, kunne demme opp for krysspresset ein elles kunne kjenne ved å ha forventningar til seg sjølv som pedagog om å bli god førelesar og uttrykte forventningar som det ikkje blei gjeve føringar for institusjonelt, og som ein måtte løyse åleine, og vi kunne utvikle ei felles forståing av det vi opplevde kring kurset. Vi lærde kvarandre å kjenne og gjorde oss opp ei meining om kor ærlege vi kunne vere med kvarandre. Her kunne vi kome i eit dilemma fordi ein ville ikkje såre, samstundes som det var nødvendig å vere ærleg om det ein oppfatta og trong av den andre. Både Little (1990) og Midthassel (2009) påpeikar liten tradisjon for å utfordre

kvarandre fagleg i lærarkollegiet. Ein mogleg grunn kan vere at det blir opplevd risikofylt for relasjonane i gruppa. Kollegaen min oppfatta eg som ærleg utan å såre. Ved at vi tok oss tid til refleksjon saman, oppdaga eg mine feil utan at ho sa det direkte til meg. Eg erfarte det som Grendstad (2004) peikar på, at det var forskjell på å bli fortalt kva som var problemet, og å oppdage det sjølv. Å oppdage problemet sjølv gav meistringskjensle. Det var ikkje alltid like lett å oppdage alt som skjedde i kurssituasjonen. Når eg var aktiv med undervisning, fekk eg ikkje med meg alt som rørte seg blant studentane. Kollegaen min gav meg tilbakemelding på ein sakleg måte. Tilbakemeldingane stadfesta at eg måtte metakommunisere og gje rom for synspunkt og kommentarar. Eg kunne spørje studentane om noko var uklårt, eller noko som burde forklarast eller snakkast meir om? Å gje tid, opne opp for fleire synspunkt og vente til dei som ytra seg fekk halde fram med resonnementet sitt, fungerte godt i gruppe der deltakarane tok ulik plass, fordi alle fekk like moglegheiter til å formidle seg og vere aktive (og jf. Løkensgard Hoel, 1995).

Etter å ha motteke evalueringar frå studentane i QuestBack, gjekk vi gjennom svara frå dei. Det var vanskeleg å innhente evalueringane, og vi purra ein gong på svara. Etter purring, svarte halvparten. Liknande vanskar peikar Starrin (2007) på, ved at det ser ut til å bli stadig vanskelegare for forskarar å få inn svar på spørsmål i spørjeskjema. Vanskar med å innhente evalueringar kunne ha fleire grunnar. Studentane fekk ikkje noko tilbake når dei evaluerte kurset i QuestBack og opplevde ikkje nytten av eventuelle forbetringar av kurskonseptet. Manglande svar kunne og handle om fråvær av bestemte meiningar om kurset. Evalueringane var gjennomgåande gode. I den grad studentane var mindre nøgde gjekk kommentarane i hovudsak ut på at forventningane til kurset, ikkje stemde overeins med innhaldet.

Å undervise om ettermiddagen påverka grada av konsentrasjon og kor opplagde vi var. Det hende vi opplevde for lita tid til å snakke saman og samkøyre oss før undervisninga, på grunn av andre gjeremål. Dette kunne vere grunnen til at vi av og til kjende behov for å få kurset overstått og kome oss heim.

Fleire forfattarar presiserer relasjonen eller arbeidsalliansen som den viktigaste reiskapen i alle hjelpesamtalar (Bjørndal 2016; Røkenes & Hanssen 2012). For dei fleste studentane, fann kurset stad i byrjinga av første semester, så korkje studentane eller vi som kurshaldarar var kjende med kvarandre. Vår for-forståing, som eit resultat av dette, var at studentane kjende til hensikta med kurset, men det er ikkje sikkert alle studentane var kjende med dette. Eit fundament av gjensidig tillit var ikkje skapt, difor blei det viktig for oss å skape det Halland (2011) kallar profesjonell tillit i situasjonen. Det kan vere lettare å utfordre og konfrontere når tillit ikkje er skapt, fordi nære

relasjonar og konfrontasjonar ofte går dårleg saman grunna personkjemi og redsel for å såre den andre. Sidan tillit ikkje var skapt i kurssituasjonen, kunne det vere lettare for studentane å konfrontere og vere kritiske. På same tid kunne det vere lettare for oss å ikkje ta kritikken personleg. Kritikken blei sett i perspektiv når Aarstad (2012), som har gjennomgått ei rekkje internasjonale studiar, peikar på forhold langt utover lærarane sine formelle kvalifikasjonar som kan vere med på å influere på studentane sine evalueringar av undervisninga. Faktorar som kjønn, alder, utsjånad og personlegdom kan vere med på å påverke evalueringane. Denne kunnskapen sette evalueringane i perspektiv og gav oss grunn til å ha eit kritisk blick på studentevalueringar generelt, og på studentevalueringar knytt til kurset spesielt.

3.3 Fase 3: Dømming (judgement)

Vi kan forstå svara frå studentane og ha ei felles innsikt i kva svara betyr, men er denne innsikta presis eller riktig? Stemmer det vi forstår av svara med det vi opplevde i praksis, knytt til undervisninga? Svaret kan vere ja, nei eller kanskje (og jf. Coghlan & Brannick, 2014).

Vi opplevde at nokre av studentane fann kurset mindre relevant. Vi spurde oss om studentane kunne ha mistydd hensikta med kurset, eller om det var vanskeleg å forstå teorien og formidlinga av den? Mogleg mistydde desse studentane intensjonen med kurset. På den andre sida kunne det vere vanskeleg for studentane å tenkje seg at eksamensangst var noko dei kunne arbeide med sjølve og vere villige til å bruke energi på - for å endre. Det kan vere vanskeleg og tidkrevjande å endre tanke- og åtferdsmønster. Studentar med dårlege føresetnadar, og som dermed kan ha vanskar med å tileigne seg teorien, vil i følgje Aarstad (2012) kunne ha ein tendens til å skulde på dårleg undervisning, der eige nederlag blir tillagt eksterne forhold. På den andre sida kan vi i presentasjonen av teorien, ha blitt for mykje opptekne av å definere og forklare kognitiv teori på tavla. Vi kan såleis ha instruert slik at gruppa blei passiv med oss kurshaldarane som førte det Bakhtin kallar «det autoritative ordet» (Dysthe 1996). «Det autoritative ordet» kan ha fått for stor plass i kurset slik at nokre studentar ikkje kjende seg forstått og respektert. Vi kan ha instruert utan å ha naudsynt med autoritet, slik at nokre av studentane ikkje aksepterte oss som personar med nok kompetanse kring eksamensangst, og ikkje stolte på våre vurderingar og innspel (og jf. Halland 2011).

Kognitiv teori (Beck, 1973) er ein anerkjent teori og brukt i mange samanhengar, for eksempel i behandling av angst og stresslidningar (Beck, Emery & Greenberg, 2005). Vi hadde begge erfaring med å bruke teorien som psykisk helsearbeidarar og hadde tru på kognitiv tilnærming som metode

i denne sammenhengen for at studentane kunne lære eit verkty å bruke for å få det betre. Difor brukte vi mykje tid på å drøfte korleis vi skulle presentere teorien i kurset. Vi kom fram til at det var viktig å aktivisere studentane, og dei som ville presenterte sine eigne situasjonar som dei fekk hjelp til å knyte tankar og kjensler til. Kvar femte student rapporterer alvorlege psykiske symptomplager (SHoT, 2014). Nokre studentar kunne såleis trenge meir oppfølging for sin angst, enn dette kurset kunne stette. For nokre var dette meir komplekst enn å snu tankegangen og åtferdsmønsteret. Sidan kollegaen min er knytt til studentsamskipnaden, låg forholda til rette for at studentar som sleit ekstra, blei fanga opp og vist andre tilbod.

Vi opplevde at studentane var godt nøgde med å få snakke mykje kring utfordringane med eksamensangst. Det var i tråd med vår intensjon om å gje studentane som ynskte å ytre seg, den tid dei trong til å gjere det. Når nokre snakka, kunne det ha gjenkjenningsverdi for fleire, óg for dei som var stille. Undervegs kom det fram at nokre studentar ynskte meir kunnskap om angst. Om vi skulle snakke meir om spesifikke angstfasar, var vi usikre på. Angsten var der allereie, og det var ikkje sikkert det blei betre ved å dvele ved den. Tre timar er ikkje lang tid, dersom vi prioriterte å dvele meir ved angstfasane, ville det gå ut over andre tema som for eksempel avslappingsøvingar, som nokre etterlyste meir av. I staden viste vi til nettstadar, der dei sjølve kunne lese meir om fenomenet. Når studentane formidla at dei var godt nøgde med kurset og ville anbefale det til andre, kan det tyde på at vi lukkast med å skape ei trygg nok - og ivaretakande atmosfære i kurset. Dette kan ha vore ein føresetnad for at studentane vågde å snakke om angsten dei opplevde, for eksempel angst for å få tankestopp og jernteppe.

Nokre studentar forventa å få undervisning om korleis dei skulle lese og løyse oppgåver. Dette kunne tyde på at dei og vi som kurshaldarar hadde ulik målforståing av kurset. Slik Halland (2011) presiserer, blir det viktig å avklare ei felles målforståing for å få læringsutbytte og sikre kvalitet på samspelet. Dette fortalde oss at annonseringa av kurset trong å bli justert slik at det gjekk fram at kurset fokuserte på mental helse, framfor konkret oppgåveløysing og studieteknikk. Innhaldet elles valde vi å behalde. Evalueringane frå studentane var ei hjelp til å bestemme dette.

3.4 Fase 4: Førebu handling (taking action) i før- rettleiinga

På grunnlag av betydinga av evalueringane frå studentane og våre eigne erfaringar, bestemte vi oss for innhaldet i neste kursdag (Coghlan & Brannick, 2014). Dette steget i evalueringsprosessen har likskapar med før- rettleiing (Handal & Lauvås 1999), der kurshaldarane vurderer ulike alternativ for komande handlingar og det vil vere tenkinga om moglege handlingsalternativ som

står i sentrum. I tillegg til tenking om framtidig handling, vil også tenking om tolking av situasjonen handlinga skal føregå i, vere tema.

I før- rettleiinga avklara vi rollene våre og korleis vi skulle gjennomføre undervisninga neste gong. Vi ville halde fram med å fordele på å undervise. Den som ikkje var aktiv i undervisninga skulle fungere som observatør og reflektere over kva som skjedde i gruppa og korleis den andre gjekk fram. Dette kunne innebere kva kroppsspråket til kurshaldaren og studentane sa. Var det kongruens mellom kurshaldaren sin verbale og nonverbale kommunikasjon? Korleis lukkast vi med å få deltakarane engasjerte? Korleis blei strukturen i samtalen ivareteken, spesielt med tanke på å unngå at dei som ville ta ordet, blei avbrotne, og at alle som ynskte det, fekk kome til orde. Korleis greidde vi å metakommunisere om undervisninga når vi fekk inntrykk av at innhaldet ikkje var treffande? Vi gjorde oss refleksjonar i høve til desse utfordringane. Vi vart samde om å prioritere dialog med studentane, gje tid, vise empati og lytte.

Vi formidla til studentane at det ikkje var nødvendig å seie noko i kurset. Språket viktig i ein læringssituasjon, som den sentrale reiskapen for å skape og formidle kunnskap. Språkleg aktive og språkleg passive studentar vil få ulike moglegheiter til kunnskapsutvikling, læring og personlegdomsutvikling. Samtidig vil dei talesterke studentane styrke sjølvbiletet sitt, medan dei tause studentane vil svekke sitt, beskrive som “det tysta nederlaget” (Løkensgard Hoel, 1995). Overført på studentane i kurset vil dette seie at studenten si eiga, aktive deltaking blei sentral fordi språket er grunnleggjande for tenking og læring. Samstundes erfarte vi at det var freistande å ta over og stille fleire spørsmål og gje fleire råd, enn som kanskje var nødvendig. Når vi likevel greidde å halde oss tilbake og gje tid, erfarte vi ofte at dei spørsmåla og dei råda vi sjølve tenkte på, blei formulerte av studentane sjølve. Dei som til vanleg sa lite, var vel så aktive som dei andre. Dette fortalde oss at dei før tilbaketrekte og tause, kunne oppleve ein «siger», og at det ikkje var kven som formulerte seg som var viktig, men at det blei formulert.

Campus Førde tilbyr eige kurs i studiemeistring, i tillegg til timar der studieteknikkar, skriving og løysing av oppgåver er tema. Campus Førde praktiserer «open dør» politikk, der studentane kan kontakte lærar på kontoret for spørsmål. Slike tiltak vil kunne redusere angst for eksamen, slik fleire studiar (Trifoni & Shahini, 2011; Cassady & Johnson, 2002) underbyggjer. Kurset i eksamensmeistring var tenkt skulle vere noko anna, ved å fjerne prestasjonsfokuset og rette innhaldet inn mot kva studentane sjølve kunne gjere mentalt for å minske stress og belastning. Sidan hensikta med kurset var uklår, bestemte vi i 2017 at vi ville vere meir spesifikke på

innhaldet i kurset. Til og med 2016 nytta vi ein kort utlysingstekst (sjå vedlegg 2). I 2017 utvida vi informasjonen i utlysingsteksten til konkret å setje ned punkt om kva studentane vil lære noko om på kurset (sjå vedlegg 3). I tillegg hengde vi informasjon om kurset på studentinformasjonstavla. Etter dette møtte færre opp, medan vi opplevde at kurset i større grad innfridde studentane sine forventningar.

Med utgangspunkt i at nokre studentar signaliserte med kroppsspråk og mimikk at dei reagerte på undervisninga, drøfta vi i før-rettleiinga korleis vi kunne utfordre dei ved å metakommunisere om kva dei tenkte om kurset. Vi kunne spørje om innhaldet i undervisninga gav meining i høve til å meistre eksamensangst. Viss det ikkje gav meining, kva var grunnen til det? Slik kunne vi opne vi opp for ulike refleksjonar, som kunne vere med på å justere undervisninga slik at flest mogleg fekk utbytte. Samstundes kunne det bidra til å skape profesjonell tillit i situasjonen. Vi ville kommunisere tydeleg kva forventningar vi kunne innfri og ikkje. Dersom studentane hadde mistolka føremålet med kurset, kunne vi spørje om kurset likevel kunne ha læringsverdi, og at dei i så fall var velkomne til å vere med vidare. Forståinga var der for at dei ville gå, dersom kurset ikkje var i deira interesse.

Vi drøfta prioriteringane våre, for ikkje å la andre gjeremål gå føre kursførebuingane. Vi trong tid til samkøyring, difor avgjorde vi å ikkje ta på oss stramt program før på dag, når vi skulle halde kurs på ettermiddagen.

SHoT (2014) viser at kvar tiande student har eit svakt sosialt nettverk og er einsame.

Fadderordninga spelar ei viktig rolle med tanke på etablering av nære vennskapsband på studiestaden. Om lag kvar femte student opplyser at dei ofte blir negativt påverka av arbeidspress og konsentrasjonsvanskar. Med utgangspunkt i desse data og erfaringane vi har gjort oss med varierende oppmøte på kursa, avgjorde vi å tilby kurset nokre månadar etter studiestart hausten 2017. Tanken var at det kunne vere lettare å møte på eit slikt kurs når ein har funne seg til rette. Det viste seg at så ikkje var tilfelle, og berre tre studentar møtte. Ein grunn kunne vere at trongen for eit slikt kurs ikkje blei opplevd like sterkt ut i studiet sidan eksamensangst blant studentane synk med auka studieansiennitet (SHoT, 2014).

4 Oppsummering

Ved å gjere systematiske endringar på grunnlag av erfaringar frå evalueringane slik notatet skildrar, har vi kurshaldarane søkt å forbetre og kvalitetssikre kurset i eksamensmeistring.

Hjå personar med eksamensangst vil vanlegvis negative automatiske tankar fylle merksemda. Dette kan aktivere både angst og ei kjensle av hjelpe- og håpløyse, samt skape negative forventningar til å meistre eksamen. Meistringsopplevingane vil bli skyvd ut av medvitnet. I nokre høve kan dette føre til tankestopp og jernteppe, som fleire studentar uttrykte angst for å oppleve. I kurset vart difor fokuset retta inn mot korleis studentane kunne endre det negative perspektivet for å bli medvitne om aktivitetar dei meistra. Kursdeltakarane fekk undervisning om angst, belastning og stress som alminnelege, vanlege fenomen som mange er plaga av. For å motverke angstopplevinga fekk kursdeltakarane trene på avspenningsøvingar og enkle refleksive øvingar som kunne knytast til meistring, kompetanse og skape indre ro.

I samarbeidet om kurset, skapte vi kurshaldarane rutine for korleis vi handsama og brukte evalueringane ved å planleggje tid til - og systematisk reflektere over evalueringane. Vi fekk tiltru til at vi meistra å presentere eit kursopplegg som levde opp til studentane sine forventningar, så vel som våre egne. Dette kvalitetssikra kurset. At evalueringane frå studentane viste at dei langt på veg var nøgde- og godt nøgde med kurset, stadfesta dette. Vi vart medvitne om at liknande rutine kunne ha overføringsverdi til andre prosjekt der fleire samarbeidde. Vi lærde noko om kor viktig det var å stole på kvarandre, for å setje opplevingar i perspektiv og kunne vere opne og ærlege om kva som fungerte og ikkje.

Vi har hatt ei utfordring med å rekruttere deltakarar til kurset. Etter å ha konkretisert innhaldet i kurset, opplevde vi at færre studentar melde si interesse. Førde er ein liten campus, som i seg sjølv kan bidra til rekrutteringsvanskar, dessutan kan storleiken gjere det vanskeleg å vere anonym når ein melder seg på eit slikt kurs.

Tal viser at studentar som slit med eksamensangst blir fleire, og det er ein jamn gjennomstrøyming av studentar ved Høgskulen. Dette tilseier at det er fleire som har behov for slike kurs, enn dei som viser si interesse. Korleis vi betre skal nå desse, har vi ikkje svaret på. Kursleiarane vil ta kontakt med studentsamskipnaden på andre campus i HVL for å dele erfaringar og om mogleg samarbeide om vidare kursaktivitet. Vi vil så drøfte med leiinga ved campus Førde kor vidt vi skal halde fram med kurset, og kva form kurset skal ha i framtida.

Kjeldeliste

- Aarstad, J. (2012). Studentevalueringer i høyere utdanning: Kva kan den internasjonale forskningslitteraturen lære oss? *Uniped*. 1(35), 34-45
- Andrews, B., & Wilding, J.M. (2004). The relation of depression and anxiety to life-stress and achievement in students. *British journal of Psychology*, 95, 509-521.
- Bandura, A. (1977). Self-efficacy: Toward a unifying theory of behavioral change. In: *Psychological Review*. Vol 84. No 2. P 191-215
- Bandura, A. (1997). *Self-efficacy. The exercise of control*. New York: Freeman and Company.
- Bandura, A. (2001). Self-efficacy and health. I: *International Encyclopedia of Social & Behavioral Sciences*. P 13815-13820. Elsevier Ltd.
- Beck, A. T. (1973). *The diagnosis and management of depression*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Beck, A. T., Emery, G., & Greenberg, R. L. (2005). *Anxiety disorders and phobias: A cognitive perspective*. New York, NY, US: Basic Books.
- Bjørndal, C. R.P. (2016). *Konstruktive hjelpesamtaler. Mestringsfremmende perspektiver og redskaper i veiledning, rådgiving, mentoring og coaching*. Oslo: Gyldendal Norsk
- Cassady, J.C. & Johnson, R.E. (2002). *Cognitive Test Anxiety and Academic Performance*. Henta frå <https://www.sciencedirect.com/science/article/pii/S0361476X0191094X>
- Coghlan, D. & Brannick, T. (2010) *Doing action research in your own organization*. London: Sage Publications
- Dysthe, O. (1996). *Læring gjennom dialog - kva inneber det i høgare utdanning?* I O.Dysthe. (Red.) *Ulike perspektiv på læring og læringsforskning*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag
- Fossland, T., Ramberg, K. R., & Gjerdrum, E. (2013). *Ulike forståelser av valitet inorsk, fleksibel høyere utdanning. - teknologi og læring på og utenfor campus*. Norgesuniversitetets skriftserie nr. 1/2013 Henta frå <https://norgesuniversitetet.no/files/.../1-2013-artikler-kvalitet-hoyere-utdanning.pdf>
- Frank, J. (1973). *Persuasion and healing*. Baltimore: John Hopkins University Press.

Grendstad, N.M. (2004) Å lære er å oppdage. Oslo. Didakta Norsk Forlag

Grini, R. (2004). Eksamensangst hos studenter. Tidsskrift for Norsk psykologforening. 41 (7), 567

Halland, G.O. (2011). Læring gjennom stimulerende samspill. (3. opplag). Bergen: Fagbokforlaget

Handal, G., & Lauvås, P. (1999). På egne vilkår. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag

Jobnorge.2015. Dekan ved avdeling for samfunnsfag. Henta 19.01.2018 frå:

<https://www.google.no/url?sa=t&rct=j&q=&esrc=s&source=web&cd=4&cad=rja&uact=8&ved=0ahUKEwill-Tl-TYAhVCfywKHZbRDXkQFgg8MAM&url=https%3A%2F%2F>

Kolbjørnsen, M. (2002). Savner tilbakemeldingsrutiner på evaluering. Henta frå <http://pahoyden.no/2002/09/savner-tilbakemeldingsrutiner-p%C3%A5-evaluering>

Kunnskapsdepartementet. (2016, 17. juni). Samanslåing av Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund. Henta 19.01.2018 frå: <http://fusjonsinfo.no/wp-content/uploads/2015/12/Kgl.res-Samanslaing-avHiB-HiSFogHSH.pdf>

Lauvås, P., Lycke, K.H. & Handal, G. (2004). Kollegaveiledning i skolen. Oslo: Cappelen akademisk forlag

Little, J.W. (1990). The Persistence of Privacy: Autonomy and Initiative in Teachers' Professional Relations, Teachers College Record. Teachers College, Columbia University, 91(4), 509 -536

Løkensgard, T.L.H. (1995). Kommunikasjon og læring i grupper. Uniped 03/1995. Lasta ned frå Fronter 5.4.2016

Midthassel, U.V. (2009). Læringsmuligheter i kollegamøter –erfaringer fra et prosjekt om klasseledelse. Spesialpedagogikk. 74 (9), 4-11

Pedersen, P.Å. (2010). Kvalitetssikring- et ledd i verdiskapingen! (3. utgave). NKI Forlaget.

Røkenes, O. H., & Hanssen, P.H. (2012). Bære eller briste. Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker. Bergen: Fagbokforlaget

Schön, D. 1983: The reflective practioner. Aldershot, England, Ashgate ARENA.

Seligman, M. E. P. (1975). Helplessness. On depression, development and death. San Francisco: Freeman.

SHoT (2014). Henta frå: http://www.studentvelferd.no/dokumenter/2014/09/SHoT-2014_Rapport_.pdf

Starrin, B. (2007) Empowerment som forskningsstrategi- Eksempelet deltakerbasert forskning— kan vi lære noe av Pippi Langstrømpe? I: O.P. Askheim & B. Starrin.

(Red.) Empowerment i teori og praksis. Oslo: Gyldendal akademisk

Trifoni, A., & Shahini, M. (2011). How Does Exam Anxiety Affect the Performance of University Students? Lasta ned frå: <http://adrianmatthews.co.uk/wp-content/uploads/2014/11/How-Does-Exam-Anxiety-Affect-the-Performance-of-University-Students.pdf>

Varhaug, J. (2012). Studentevaluering: Hva mener studentene, og i hvilken grad bør man ta hensyn til det? I T.L.Hoel, B.Hanssen & D. Husebø (Red.), Utdanningskvalitet og undervisningskvalitet under press? Trondheim.Tapir akademisk forlag

Wormnes, B., Hauge, H., Dundas, I., & Wormnes, S.T. (2006). Mestring av prestasjons- og eksamensangst: Forståelse og behandlingsmetoder. Tidsskrift for Norsk psykologiforening. 43 (6), 574-581. Henta frå: http://www.psykologtidsskriftet.no/index.php?seks_id=252568&a=3

Vedlegg 1

Kurshefte

Kurs i eksamensmestring

Hege Fimreite og Berit Pettersen

Bare en av ti går fri !

-Forskning viser at eksamen er mer en test på takling av stress enn en Kunnskapstest,
- Ifølge statistikk er 25 prosent av de som går opp til eksamen plaget av alvorlig eksamensangst.

- Hver 10.universitetsstudent har mye eksamensangst, iflg undersøkelsen SHoT 2014
- Forskning viser at jenter er mest utsatt.

Eksamensstress

